

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsippsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkjefølgjekrav for privat(e) utbyggjar(ar) som gjeld fylkesveggar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/bygging, uavhengig av utbygginga.
3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.
4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional transportplan.
5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.